



Borna i barnehagen er svært takksame for dei to kjekke bøkene dei fekk frå Utdanningsforbundet.

I dag, 1.mars, er det barnehagedagen. Den vert markert rundt i landet under slagordet Les høgt for oss. Dette vart gjort også i Dønhaug Gardsbarnehage. Sjølv om dei les høgt for borna kvar dag, har dei hatt ekstra fokus på bøker og lesing i dag. Og Utdanningsforbundet kom med bokpakke med to kjekke barnebøker.



Synne Tofte Guddal var ei av dei som hadde bøker med seg i dag.

I samanheng med barnehagedagen har dei altså hatt ekstra fokus på bøker og høgtlesing. Denne veka har borna med seg bøker, og nokre barn har laga sine egne bøker. Dei lagar ofte bøker i samband med prosjekt dei har.

Å lesa for barn gjev dei stor språkleg gevinst, og er utviklande i høve til:

- kommunikasjon med andre
- å utvikla venskap
- å delta i leik
- og å skapa eit godt grunnlag for seinare lese- og skrivemestring

Det er viktig å lesa høgt for barn, og det er noko vi gjer kvar dag i barnehagen. Følgjande oppfordring går til alle foreldre: hugs å les høgt for barnet ditt!!!



Borna lagar også flotte bøker sjølv.

Tekst: Helene H. Bjørnebøle/Thor Inge Døssland

Foto: Helene H. Bjørnebøle

Nett: Thor Inge Døssland